



**OSTERØY**  
KOMMUNE

## **MØTEBOK**

**Plan- og kommunalteknisk utval**



---

**Møtedato:** 03.12.2025  
**Møtetid:** 13:00 - -17:00  
**Møtestad:** Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

---

**Frammøtte faste medlemmer**

| <b>Namn</b>          | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|----------------------|--------------|--------------|
| Herdis Helle         | Leiar        | AP           |
| Johannes Haugland    | Nestleiar    | SP           |
| Kari Laurhammer Mjøs | Medlem       | KRF          |
| Johannes O Borge     | Medlem       | H            |

**Faste medlemmer som ikkje møtte**

| <b>Namn</b>   | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|---------------|--------------|--------------|
| Ruben Nielsen | MEDL         | FRP          |

**Frammøtte varamedlemmer**

| <b>Namn</b>        | <b>Vara for</b> | <b>Parti</b> |
|--------------------|-----------------|--------------|
| Ragnar J Tyssebotn |                 | FRP          |
| Kim Andre Hartveit |                 | FRP          |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Aleksander Bergli

**Ekstra informasjon til møte:**

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

## Sakliste

| Saksnr          | Tittel                                                                                                                           | Unntak frå innsyn |
|-----------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| <b>EV 3/25</b>  | Synfaring, oppmøte ved Rådhuset kl. 11.                                                                                          |                   |
| <b>PS 83/25</b> | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                            |                   |
| <b>PS 84/25</b> | Godkjenning av møtebok 22.10.2025                                                                                                |                   |
| <b>RS 35/25</b> | Politisk møteplan 2026                                                                                                           |                   |
| <b>RS 36/25</b> | Orientering om oppheving av regional plan for kysten i Sogn og Fjordane og oppheving av regional føresegn for handel i Hordaland |                   |
| <b>RS 37/25</b> | Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunalteknisk utval - møte 03.12.2025                                               |                   |
| <b>RS 38/25</b> | Status KDP Naturmangfald                                                                                                         |                   |
| <b>PS 85/25</b> | Gbnr 129/53 - Søknad om dispensasjon for oppføring av platting til naust                                                         |                   |
| <b>PS 86/25</b> | 8/1 - Søknad om dispensasjon - mellombels oppføring av lagerbygning                                                              |                   |
| <b>PS 87/25</b> | Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta                                       |                   |
| <b>PS 88/25</b> | 108/6 - Søknad om dispensasjon                                                                                                   |                   |
| <b>PS 89/25</b> | 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad                                               |                   |
| <b>PS 90/25</b> | 4/100 - Søknad om dispensasjon - oppføring av industribygg                                                                       |                   |
| <b>PS 91/25</b> | 64/13 - Søknad om dispensasjon - riving av bustadhus og oppføring av ny einebustad                                               |                   |
| <b>PS 92/25</b> | Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.                                         |                   |
| <b>PS 93/25</b> | Gbnr 107/2 og 3 - Avslag på søknad om forlenging av landbruksveg - handsaming av klage                                           |                   |
| <b>PS 94/25</b> | Andre saker/spørsmål:                                                                                                            |                   |

*Herdís Helle* Utvalsleiar

EV 3/25 Synfaring, oppmøte ved Rådhuset kl. 11.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 3/2025  
Synfaring, oppmøte ved Rådhuset kl. 11.:

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 3/2025 Synfaring,  
oppmøte ved Rådhuset kl. 11.:

**Utvalet var på synfaring i sak PS 85/25 og sak PS 86/25.**

## PS 83/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 83/2025

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Johannes Haugland (Sp) meldte inn to spørsmål mot slutten av møtet.

Ragnar Tyssebotn (Frp) og Johannes Borge (H) meldte inn eitt spørsmål kvar under andre saker/spørsmål.

-----

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

-----

Endringsforslag frå Herdis Helle(Ap):

Sak PS 93/25 skal handsamas som første politiske sak.

**Votering:**

Innkalling og saksliste vart godkjende med dei endringsframlegga som er nemnde ovanfor.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 83/2025

Godkjenning av innkalling og saksliste:

**Innkalling og saksliste vart godkjend.**

**Sak PS 93/25 skal handsamas som første politiske sak.**

PS 84/25 Godkjenning av møtebok 22.10.2025

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 84/2025  
Godkjenning av møtebok 22.10.2025:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

-----

**Johannes Haugland(Sp) følgjande merknader til møteboka:**

Har følgende kommentarer til møtebok, som eg sendte inn 28.10.

1: Frammøte faste medlemmer, her er Kari Mjøs oppført som Krf medlem, er uavhengig.

2: Sak PS 71/25: Her vart det varsla to spørsmål frå Johannes Haugland som var innsendt på førehand.

3: Sak PS 82/25: Her manglar svar på spørsmål som var innsendt og svar på spørsmål frå Johannes Borge som vart stilt under saka.

Dei som møte frå administrasjonen, Arnstein og Tore Johan ikkje er ført opp på frammøte lista.

**Votering:**

Møteboka vart samrøystes godkjend med merknader frå Johannes Haugland (Sp).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 84/2025  
Godkjenning av møtebok 22.10.2025:

**Møteboka vart godkjend med merknader frå Johannes Haugland (Sp).**

RS 35/25 Politisk møteplan 2026

RS 36/25 Orientering om oppheving av regional plan for kysten i Sogn og Fjordane og oppheving av regional føresegn for handel i Hordaland

RS 37/25 Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunalteknisk utval - møte 03.12.2025

RS 38/25 Status KDP Naturmangfald

PS 85/25 Gbnr 129/53 - Søknad om dispensasjon for oppføring av platting til naust

**Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 85/2025 Gbnr 129/53 - Søknad om dispensasjon for oppføring av platting til naust:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø og LNF-føremål i arealdelen i kommuneplanen til oppføring av platting til naust på gnr. 129 bnr. 53 på følgjande vilkår: 1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 20.05.2025. 2. Tiltaket vert godkjent plassert minimum 0,1 meter frå eigedomsgrensa til gbnr. 129/1, jf. plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav b. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 og 11-9 nr. 5."

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster for(U,Frp,Ap,H) og ei røyst mot(Sp)

**Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 85/2025 Gbnr 129/53 - Søknad om dispensasjon for oppføring av platting til naust:**

**"Kommunen gjev dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø og LNF-føremål i arealdelen i kommuneplanen til oppføring av platting til naust på gnr. 129 bnr. 53 på følgjande vilkår: 1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 20.05.2025. 2. Tiltaket vert godkjent plassert minimum 0,1 meter frå eigedomsgrensa til gbnr. 129/1, jf. plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav b. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 og 11-9 nr. 5."**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

## PS 86/25 8/1 - Søknad om dispensasjon - mellombels oppføring av lagerbygning

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 86/2025 8/1 - Søknad om dispensasjon - mellombels oppføring av lagerbygning:

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev med heime i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3, jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, mellombels dispensasjon til å ha oppført lagerbygning på gnr. 8 bnr. 1 ståande, på fylgjande vilkår: • Lagerbygningen skal nyttast til lagring av utstyr, strøsand og -salt i samband med vintervedlikehald av offentleg veg. • Dersom avtalen med offentleg vegeigar går ut, og ikkje vert fornya før dispensasjonsperioden går ut, skal lagerbygningen fjernast og arealet tilbakeførast til LNF-område, innan 1 månad. • Dispensasjonen elles er mellombels og gjeld fram til 15.05.2030. • Frist for innsending av dokumentasjon, som syner at lagerhallen er fjerna og arealet tilbakeført til LNF-område, er 30.06.2030. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka og alle vilkår skal tilfredsstillast."

-----

### Fellesframlegg frå H, U og SP:

Kommunen gjev tidsbegrensa dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til lagerbygning for lagring av strøsand og -salt på gnr. 8 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2." Lagerbygninga skal fjernast og arealet skal tilbakeførast til LNF-område og vera tilsådd innan 01.05.2027

Planutvalet ber administrasjonen i brevs form til Vestland fylkeskommune om å leggje om sin anbudspraksis knytta til vintervedlikehald av fylkesvegane.

Fylkeskommunen bes sjølv ta ansvar for lagring av salt og liknande slik at kontraktør ikkje lengre har dette ansvaret og dermed unngår denne serien av utilfredsstillande løysningar med lagring i LNF område. Dette gjeld og for kommunen sitt behov for lagring av salt.

Ein ber Fylkeskommunen og kommunen om å gå i dialog om eigna plass for slik lagring så raskt som mogeleg slik at dette er på plass i god tid før 01.05.2027.

### Votering:

Fellesframlegg frå H, U og Sp vart sett opp mot framlegget frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ei røyst(Frp) og fellesframlegg frå H, U og SP vart vedteke med 4 røyster (Ap, U,Sp,H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 86/2025 8/1 -  
Søknad om dispensasjon - mellombels oppføring av lagerbygning:

**Kommunen gjev tidsbegrensa dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til lagerbygning for lagring av strøsand og -salt på gnr. 8 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2." Lagerbygninga skal fjernast og arealet skal tilbakeførast til LNF-område og vera tilsådd innan 01.05.2027**

**Planutvalet ber administrasjonen i brevs form til Vestland fylkeskommune om å leggje om sin anbudspraksis knytta til vintervedlikehald av fylkesvegane.**

**Fylkeskommunen bes sjølv ta ansvar for lagring av salt og liknande slik at kontraktør ikkje lengre har dette ansvaret og dermed unngår denne serien av utilfredsstillande løysningar med lagring i LNF område. Dette gjeld og for kommunen sitt behov for lagring av salt.**

**Ein ber Fylkeskommunen og kommunen om å gå i dialog om eigna plass for slik lagring så raskt som mogeleg slik at dette er på plass i god tid før 01.05.2027.**

PS 87/25 Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 87/2025  
Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med ei full utgreiing av eit prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315. Dette prosjektet vert vurdert som alternativ til tomten på Hauge, gnr. 4 bnr. 146. Den opphavlege alternative tomten, parsell av gnr. 4 bnr. 2 blir teken ut og er ikkje aktuell som alternativ for prosjektet. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når utgreiinga av prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315 er utført.

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 87/2025 Vurdering av alternativ plassering av avlastning og dagsenter for bu- og avlastingstenesta:

**Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med ei full utgreiing av eit prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315. Dette prosjektet vert vurdert som alternativ til tomten på Hauge, gnr. 4 bnr. 146. Den opphavlege alternative tomten, parsell av gnr. 4 bnr. 2 blir teken ut og er ikkje aktuell som alternativ for prosjektet. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når utgreiinga av prosjekt på Geitaryggen/Hatland, gnr. 14 bnr. 186, 189, 261 og 315 er utført.**

PS 88/25 108/6 - Søknad om dispensasjon

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 88/2025 108/6 - Søknad om dispensasjon:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon for varig bruksendring av tidlegare driftsbygning på gnr. 108 bnr. 6, Kleiveland

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 88/2025 108/6 - Søknad om dispensasjon:

**"Kommunen gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon for varig bruksendring av tidlegare driftsbygning på gnr. 108 bnr. 6, Kleiveland**

**Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5.**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."**

PS 89/25 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 89/2025 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Forslag til reguleringsplan for Solberg Mek. Verkstad AS – planID 46302025001 med plankart datert 10.11.2025, føresegner datert 19.11.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 89/2025 1. gongs handsaming av detaljregulering planID 46302025001 - Solberg Mek. Verkstad:

**Forslag til reguleringsplan for Solberg Mek. Verkstad AS – planID 46302025001 med plankart datert 10.11.2025, føresegner datert 19.11.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova §12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.**

## PS 90/25 4/100 - Søknad om dispensasjon - oppføring av industribygg

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 90/2025 4/100 - Søknad om dispensasjon - oppføring av industribygg:

### **Protokollmerknad frå Herdis Helle(Ap):**

Representanten er i utgangspunktet skeptisk til at det vert dispensert frå byggehøgder i dette området, som er relativt flatt, men ser ikkje innvendingar mot å gjere det i dette konkrete tilfellet då parkbelte og høgareliggande tomt mellom tiltaket og fylkesveg/begbyggelse gjer at det ikkje vil få skjemmande fjernverknader at byggehøgda blir noko høgare enn det som ligg i planen på denne tomten.

-----

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå utbyggingsplan Oksadrepet næringsareal Hauge arealplanid 20070200 føresegn § 2 nr. 2.1 og 2.2, til oppføring av nytt industribygg på gnr. 4 bnr. 100 i strid med regulerte byggjegranser og auka mønehøgd og gesimshøgd, på fylgjande vilkår:

- 1.Maksimum mønehøgd skal vere 10,9 meter.
- 2.Maksimum gesimshøgd skal vere 8,6 meter.
- 3.Minsteavstand til nabogrensa i nordvest til gnr. 4 bnr. 149 skal vere minimum 1,0 meter.
- 4.Minsteavstand til nabogrensa i nordaust til gnr. 4 bnr. 150 skal vere minimum 2,0 meter.
- 5.Felles gangareal FG skal vere ferdig bygd før nytt industribygg kan takast i bruk.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ §§ 12-4 og 12-7 nr. 1 og 2.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

### **Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 90/2025 4/100 - Søknad om dispensasjon - oppføring av industribygg:

"Kommunen gjev dispensasjon frå utbyggingsplan Oksadrepet næringsareal Hauge arealplanid 20070200 føresegn § 2 nr. 2.1 og 2.2, til oppføring av nytt industribygg på gnr. 4 bnr. 100 i strid med regulerte byggjegranser og auka mønehøgd og gesimshøgd, på fylgjande vilkår:

**1.Maksimum mønehøgd skal vere 10,9 meter.**

**2.Maksimum gesimshøgd skal vere 8,6 meter.**

**3.Minsteavstand til nabogrensa i nordvest til gnr. 4 bnr. 149 skal vere minimum 1,0 meter.**

**4.Minsteavstand til nabogrensa i nordaust til gnr. 4 bnr. 150 skal vere minimum 2,0 meter.**

**5.Felles gangareal FG skal vere ferdig bygd før nytt industribygg kan takast i bruk.**

**Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ §§ 12-4 og 12-7 nr. 1 og 2.**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."**

PS 91/25 64/13 - Søknad om dispensasjon - riving av bustadhus og oppføring av ny einebustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 91/2025 64/13 - Søknad om dispensasjon - riving av bustadhus og oppføring av ny einebustad:

**Før handsaminga av saka ønskte Herdis Helle (Ap) å få vurdert gildskapen sin.**

Johannes Haugland (Sp) overtek rollen som møteleiar. Det vart ikkje kalla inn vara for Herdis Helle.

Herdis Helle (Ap) vart samrøystes kjend ugild og skal difor ikkje vere med i handsaminga av saka.

-----

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev dispensasjon til bygging av ny tilkomstveg med utbetring av avkøyrslle til fylkesveg og oppføring av einebustad med utleigedel, garasje og terrengmurar på gnr. 64 bnr. 13, på fylgjande vilkår:

\* Einebustaden og garasjen skal ha matte og mørke fasadefargar.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og 11-9 nr. 5 og 6.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 91/2025 64/13 - Søknad om dispensasjon - riving av bustadhus og oppføring av ny einebustad:

**"Kommunen gjev dispensasjon til bygging av ny tilkomstveg med utbetring av avkøyrslle til fylkesveg og oppføring av einebustad med utleigedel, garasje og terrengmurar på gnr. 64 bnr. 13, på fylgjande vilkår:**

**\* Einebustaden og garasjen skal ha matte og mørke fasadefargar.**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og 11-9 nr. 5 og 6.

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."**

PS 92/25 Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 92/2025  
Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist seks – 6 veker frå kunngjeringsdato jf plan- og bygningslova § 11-14.

Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endringar i planframlegget.

**Votering:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 92/2025  
Førstegongshøyring: Framlegg til kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

**Framlegg til kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist seks – 6 veker frå kunngjeringsdato jf plan- og bygningslova § 11-14.**

**Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endringar i planframlegget.**

PS 93/25 Gbnr 107/2 og 3 - Avslag på søknad om forlenging av landbruksveg - handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 93/2025 Gbnr 107/2 og 3 - Avslag på søknad om forlenging av landbruksveg - handsaming av klage:

**Før handsaming av saka har Rargnar Tyssebotn(Frp) bedt om gildskapsvurdering i saka.**

Rargnar Tyssebotn(Frp) vart ersatta av Kim Andre Hartveit(Frp).

Rargnar Tyssebotn(Frp) vart samrøystes kjent ugild og skal ikke delta i handsaming av saka.

-----

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunen opprettheld sitt vedtak av 29/09/2025 saknr. 239/25 ref. 2025-1318-4.

Klagen vert ikkje teken til følgje. Kommunen sitt vedtak om avslag på forlenging av landbruksveg vert oppretthalde.»

Vidare saksgang

Vedtaket er eit enkeltvedtak og skal dersom negativt vedtak i klagesaka vert oppretthalde sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. jf. forvaltningslova § 28.

-----

**Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):**

Klagen vert tatt til fylgje. Kommunen sitt avslagsvedtak på forlenging av landbruskveg av 29. september 2025 sak nr. 239/25 ref. 2025-1318.4 vert oppheva og løyve vert gitt som omsøkt.

Grunngjeving:

Søknaden gjeld ei forlenging med 251 meter av ein eksisterande landbruksveg i klasse 8. Osterøy kommune gav løyve til vegen ved vedtak av 10. juli 2023 i sak 23/553 – 23/16422. I vedtaket vart fylgjande tatt inn:

«Det vert gjeve løyve til fråvik av vegklasse 8, vegen er primært for geitebesetning frå støl til beiteområde og skal ikkje nyttast som køyreveg utanom ved vedlikehald.

[...]

«Før bygging tar til skal det utarbeidast ei geoteknisk vurdering av anleggsarbeidet i høve til grunnforhold og rasfare samt plan for gjennomføring, jf. § 3-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier».

I vedtak av 29. september – referanse 2025/1318-4 – vart det gitt avslag på søknaden om å forlenge vegen. Avslaget vart grunngitt med to forhold:

a) Vegen inn til startpunkt for omsøkt veg er ikkje køyre-veg. Denne statusen må endrast før ein kan bygge vidare på denne vegen.

b) [N]ytten for landbruk er [ikkje] stor nok til å byggje meir veg inn langs stranda, noko som er eit stort inngrep i naturmiljøet langs vasslina i høve til skogverdien.

Utvalet kan ikkje stille seg bak denne grunngjevinga. For det første kan ikkje utsegnene om at 'vegen primært er for geitebesetning frå støl til beiteområde' og at vegen skal 'nyttast som køyreveg utanom ved vedlikehald', tolkast som vilkår for løyvet. Den riktige forståinga er at det er ei grunngjeving for å gje løyve til fråvik av vegklasse 8, ikkje eit vilkår for å innvilge søknaden/gje løyve.

Det vert synt til at det er søkt om og gitt løyve til bygging av landbruksveg. I forskrifta § 1-2 er landbruksveg definert som 'bilveier og traktorveier som bygges i samsvar med normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse fastsatt av [...] departementet, samt enklere veier som er nødvendige for landbruksvirksomhet. Vi legg til grunn at det kommunen her gav løyve til var ein traktorveg, ikkje ein enklare veg, eller 'geitesti' som kommunedirektøren no omtalar det som. I løyvet er det synt til klasse 8, som etter normalen for landbruksvegar, er traktorvegar og som departementet har gitt nærmare byggebeskrivelse for. Om søkar faktisk har nytta seg av høvet løyvet til kommunen gjev til å fråvike byggeklasse 8, er uklårt for oss. I saksframstillinga til denne saka er det bilete av vegen, som syner ein høg standard. Kommunedirektøren har vore på synfaring og opplyser også å ha tatt til vitande søkar sine påstandar om at «vegen er bygd som fullverdig landbruksveg med høg teknisk standard». Det er elles, etter det forslagsstillar forstår av dokumenta, gjennomført full geoteknisk vurdering før vegen vart bygd og det er utført omfattande tiltak under bygginga for å imøtekomme dei tilrådingane geologen gav. Forslagsstillar deler dermed søkar sitt syn på at eksisterande veg ikkje er nokon geitesti. Vi stiller også spørsmål ved om forskrifta § 3-3 ville gitt adgang til å avgrense retten til motorisert ferdsle på ein klasse 8 veg så mykje som kommunedirektøren no hevdar at er gjort. Det gjev inga meining å gje løyve til å bygge ein veg i klasse 8 der det berre er lov med motorisert ferdsle når vegen skal vedlikehaldast.

For det andre deler utvalet ikkje kommunedirektøren si vurdering av at nytten for landbruket ikkje er stor nok til å bygge meir veg langs stranda. Vi er samde i at omsynet til å ta ut bjørkved/skog, som er oppgitt til 25%, ikkje er tilstrekkeleg grunngjeving isolert sett, men viser til at seterdrift er grunngjeve med 75%. Både søkar og ein anna bonde har stølar med aktiv stølsdrift i vestenden av Nedre Botnavatn. Dei har også begge bruk (fjellgardar) i Tyssebotn ved austenden av Nedre Botnavatn. Dei blir aktivt brukt og beita, og begge bøndene har ynskje om å vedlikehalde og drive bruka /fjellgardane meir aktivt, gjerne i kombinasjon med gardsturisme. Vi syner her til omtalen i klagen. Vi syner også til brev frå Guri Ophus Tyssebotn som ligg som vedlegg 92 til heradsstyret si sak PS 21/25: I sistnemnde brev står det som argument for veg på nordsida av vatnet:

«Vegen vil også gje vegutløyising til gardsdrifta mi. Med den kan eg skjøtte kulturlandskapet, fortsetje å nytte høyløa og lettare vedlikehalde gardsbygga. Slik eg skjøttar innmarka i dag er

det svært tungdrive og lite framtidsretta. De blir drevet med hesjing, pakke i storsekk og køyrt med båt over andre enden av vatnet. Som er svært problematisk i eit regulert vatn med svært høg tappehøgde.

Det byrjer å bli lenge sidan folk har budd her inne, og forfallet på grøfter, gjerder og gråsteins murar byrjer å bli stort, Utan veg her vert forfallet større og større. Vegen [...] vil gi ei god vegutløysing for dei 2 gardene innerst i Tyssebotn for å få utført den skjøtselen som trengs av bygninger og til å drifte det unike kulturlandskapet på ein berekraftig måte.»

Utvalet deler klagar og Ophus si oppfatning om behov for vegutløysing for stølsdrifta og drifta av dei to bruka i Tyssebotn, og meiner på den bakgrunnen at nytten for landbruket er stor nok til å bygge veg heilt inn i Tyssebotn. For landbruksnyttan er det likegyldig om vegen ligg på sør eller nordsida, men forslagsstillar er av den oppfatninga at omsynet til natur, friluft og kulturminne tilseier at vegutløysing må kome gjennom forlenging av vegen på sørsida. Det bør ikkje kome veg på nordsida. På dette punktet viser vi til dei vurderingane heradsstyret gjorde i høyringssvar til NVE i sak PS 21/25.

Utvalet ser ikkje at det er miljø- og naturverdiar på traseen der den omsøkte vegen er tenkt forlenga som med avgjerande styrke talar mot å innvilge søknaden . Vi ser av kart- og biletmaterialet i saka at det går ei lita elv ned som vegen skal krysse, og i eit brev frå ein annan grunneigar i området er det synt til problemstilling knytt til gytefisk i denne. Dette er imidlertid ei elv som er for bratt til å gyte i og den er også tørrlagt deler av året. Kommunedirektøren kan eventuelt vurdere om det er eventuell ROS-problematikk på eigedommen der forlenginga av vegen skal skje som gjer det naudsynt å stille vilkår knytt til dette. Det skal ikkje gjerast ny ROS-vurdering for den delen av vegen det allereie er gitt løyve til.

Utvalet registrerer elles at det er ulike oppfatningar av privatrettslege tilhøva i området, medrekna om søkjar vil ha rett til å bygge veg dersom kommunen gjev løyve. Utvalet legg til grunn at prinsippet som kjem til uttrykk i plan og bygningslova § 21-6 gjeld tilsvarende for søknader etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Det vil seie at landbruksstyrmaktene, på same måte som plan og bygningsstyresmaktene, normalt ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av søknader om offentlegrettslege løyve som dette. Vi ser difor ikkje grunn til å gå nærmare inn på problemstillingar relatert til kva rettar dei ulike sameigarane har på den aktuelle eigedommen. Søkar må sjølv bere ansvaret for at han, privatrettsleg sett, har rett til å anlegge veg i sameiget.

### **Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Kim Andre Hartveit(Frp).

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster for(U,Sp, H). Framlegget til Kim Andre Hartveit(Frp) fekk 2 røyster(Ap,Frp)

-----

Kim Andre Hartveit(Frp) forlet møtet og Ragnar Tyssebotn(Frp) inntar plassen sin igjen.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 93/2025 Gbnr 107/2 og 3 - Avslag på søknad om forlenging av landbruksveg - handsaming av klage:

**«Kommunen opprettheld sitt vedtak av 29/09/2025 saknr. 239/25 ref. 2025-1318-4.**

**Klagen vert ikkje teken til følge. Kommunen sitt vedtak om avslag på forlenging av landbruksveg vert oppretthalde.»**

**Vidare saksgang**

**Vedtaket er eit enkeltvedtak og skal dersom negativt vedtak i klagesaka vert oppretthalde sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. jf. forvaltningslova § 28.**

PS 94/25 Andre saker/spørsmål:

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 94/2025

Andre saker/spørsmål::

**Spørsmål 1 frå Johannes Haugland(Sp):**

Administrasjon i Osterøy kommune har mottatt søknad etter jordlova § 12 frå Jan Rongved om salg av gnr. 43 Bnr. 1 til Olav Tungeland Jacobsen som er eigar av gnr. 43 bnr.3 . Gnr. 43/1 har 60.4 da fulldyrka jord og 43.3 da overflatedyrka jord. Dette arealet har i mange år vore drifta av gnr. 43 bnr. 2, som i dag har leigekontrakt på garden. Eigarane av dette bruket driv i dag med mjølkeproduksjon og er i startfasen for overgang til lausdrift. Bnr. 3 har ingen drift av betydning i dag, og eigaren er godt opp i 60 åra. Partene er einige om å arbeide for ein overtagelse innen 31.12.2025 .

Korleis stiller landbruksforvaltninga i kommunen seg til dette ?

-----

**Spørsmål 2 frå Johannes Haugland(Sp):**

Spørsmål til møte i plan og kommunalteknisk utval 03.12.25 til sak PS 86/25 Søknad om dispensasjon lagerbygning:

Kven har levert søknad om produksjonstilskot for Gnr. 8 bnr. 1 dei siste 4 – 5 åra. Ønsker svar før saksbehandlinga i møte startar.

**Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgende svar til spørsmål 1 frå Johannes Haugland(Sp):** Hvordan administrasjonen stiller seg til søknaden kommer skriftlig i vedtaks form med to underskrifter. Vi ser problemstillingene, og behandler de søknadene vi får inn (ikke alternativer som ikke er omsøkt).

**Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgende svar til spørsmål 2 frå Johannes Haugland(Sp):** Det er Svein Jarle Njåstad som har levert søknad om produksjonstilskudd for gbnr. 8/1 dee siste åra.

**Johannes O Borge (H)** lurte på om det var fremdrift i Holmane saken.

**Leiar for teknisk forvaltning og plan, Tore Johan Erstad** gav følgjande svar:

**Herdis Helle (Ap)** stilte spørsmål om parkeringsplassar og rekkjefølgjekrav på Rolland.

**Arnstein Øvsthus** gav følgjande svar: Saka vart ettersendt.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 03.12.2025 av sak 94/2025 Andre saker/spørsmål::

**Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.**

